

## Vedlegg 5: Fordeling av tilskot til folkehelsearbeid i kommunane

Kommune	Vedtak	Beskriving av søknad
Alver	Tilsegn om tilskot.	Alver søker om midlar til å bygge opp eit system knytt til forståing og implementering av berekraft og helsefremjande arbeid i kommunalt planverk. Midlar vil kunne gå til utvikling og utprøving av medverknadsprosessar og system for dette.
Askøy	Tilsegn om tilskot.	Askøy kommune har gjennom Kommuneplanen sin samfunnsdel ei forankra satsing på å jobbe systematisk for innbyggjarane si helse i eit livsperspektiv. I sine delmål viser kommunen til ei omfattande satsing på helsefremjande arbeid og sosial utjamning av helseforskjellar. Støtte frå fylkeskommunen vil bidra til aktivitetar nemnde i søknaden. Til dømes deltaking i overordna planprosessar, ivaretaking av folkehelseperspektiv i saksutgreiingar hjå fagavdelingane og samarbeid i ulike nettverk, og med frivillig sektor i kommunen.
Austevoll	Tilsegn om tilskot.	Austevoll søker om midlar til gjennomføring av medverknadsprosessar rundt arbeidet med ny samfunnsdel i kommunen. Resultata av dette arbeidet vil kunne bidra til inkludere og sikre interesser frå heile lokalbefolkninga, og gje auka kunnskap til folkehelseoversikta der det er vurdert som mangelfullt og behov for meir lokal data.
Austrheim	Tilsegn om tilskot.	Austrheim kommune søker om midlar til å arrangere samlingar på tvers i organisasjonen. Samlingane har mål om å skape felles forståing og eigarskap til folkehelsearbeid i organisasjonen.
Bergen	Tilsegn om tilskot.	Bergen kommune søker om midlar til gjennomføring av sommarskuleprosjekt. Dette for å betre fagleg kompetanse for elevar som bur i levekårsutsette område, og til matpakkekurs for innvandrarar. Tiltaka er forankra i kommunale planar og vil kunne bidra til kommunen sitt arbeide med utjamning av sosiale helseskilnader.
Bømlo	Tilsegn om tilskot.	Bømlo kommune søker om midlar til gjennomføring av ABCD-kurs som metode/prosess i kommunen sitt folkehelsearbeid. Kurset er tenkt gjennomført for tilsette i ulike kommunale etatar, for representantar for frivillige lag og organisasjonar og for folkevalde.
Fjaler og Askvoll	Tilsegn om tilskot.	Fjaler og Askvoll kommune søker om midlar til etablering av Stolpejakten. Fjaler vert prosjekteigar medan Askvoll er samarbeidskommune. Tiltaket er tenkt som eit tilbod med låg terskel for alle å kunne delta aktivt på. I etablering av Stolpejakten vil det vere stort fokus om godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar godt spreidd rundt om kring i begge kommunane. Begge kommunane viser til fysisk aktivitet som eit forankra satsingsområde i lokale planar. I utlysinga av støtteordninga er det opplyst om at midlar ikkje kan dekke innkjøp av utstyr, anlegg og fysiske tiltak. Kommunen har i søknad søkt om dekking av kostnader som er utanfor tilskotsordninga. Viser til kostnadsplan i søknad der Vestland fylkeskommune ikkje kan støtte kostnadar til utstyr, stolpar, kart, brosjyrar eller ekstra kart. Dette må kommunen dekke sjølve. Søknaden er elles i tråd med vilkåra til tilskotsordninga.

Fitjar	Tilsegn om tilskot.	Fitjar søker om midlar til vidareføring av arbeid med folkehelse og folkehelseoversikt i kommunen. Støtte frå fylkeskommunen er tenkt å bidra til auka tverrfagleg/tverrsektorielt samarbeid for å utvikle det systematiske folkehelsearbeidet, samt tettare oppfølging av folkehelseomsyn inn i det kommunale planarbeidet.
Gloppen	Tilsegn om tilskot.	Gloppen søker om midlar til utviklingsarbeid som vil bidra til auka inkludering av fritidstilbodet i kommunen. Støtte vil bidra til mellom anna dialogmøte, temadag for auka kompetanse, informasjonsspreiing og auka medverknad om tema inkludering. Vi oppfordrar Gloppen til å jobbe vidare med å sikre at heile breidda av frivilligheita kommunen vert del av inkluderingsatsinga.
Kinn	Tilsegn om tilskot.	Kinn søker om midlar til etablering av ein nettstad for e-sport/gaming i kommunen. Støtte vil bidra til kompetanseheving og informasjon til barn, ungdom og foreldre, og til auka medverknad frå målgruppe knytt til prosjekt. Arbeid knytt til e-sport og folkehelse er godt forankra som eit satsingsområde i kommunen.
Kvam	Tilsegn om tilskot.	Kvam søker om midlar til folkehelsearbeid i heradet. Støtte til heradet vil bidra til gjennomføring av aktivitetar slik dette er skissert i søknaden. Mellom anna systemarbeid i den etablerte overordna folkehelsegruppa og tett tverrfagleg samarbeid inn mot kommunalt planarbeid.
Kvinnherad	Tilsegn om tilskot.	Kvinnherad søker om støtte til utvikling og utprøving av prosessarbeid for å implementere berekraftsmål i kommunen sitt planverk. Midlar vil bidra til kompetanseheving om tema på tvers av sektorar.
Lærdal	Tilsegn om tilskot.	Lærdal ønsker å etablere ein utlånssentral. Støtte vil bidra til å kunne undersøke grunnlaget og vidare planlegge korleis eit slik tilbod skal vere. Søknad er i tråd med fleire innsatsområde og vilkåra til ordninga. Vi oppfordrar kommunen å involvere målgruppa og særleg barn og unge vidare i arbeidet, for å sikre medverknad i utviklinga av ein utlånssentral.
Masfjorden	Tilsegn om tilskot.	Masfjorden søker om midlar til mellom anna å utvikle tverrfagleg/tverrsektorielt samarbeid, samt oppfølging av folkehelsearbeidet til kommunen inn i kommunalt planarbeid.
Samnanger	Tilsegn om tilskot.	Samnanger søke om midlar til folkehelsearbeidet i kommunen. Støtte vil bidra til ferdigstilling av folkehelse rapport, samt vidare utvikling av pågåande folkehelseprosjekt som til dømes digital nettportal for "godt barnehage- og skulemiljø", utstyrsbanken og ferdigstilling av handlingsplan 2020-2024 for Tverrfagleg samarbeid for barn og unge.
Sogndal	Tilsegn om tilskot.	Sogndal søker om midlar til å arbeide med å få opp ny kunnskap om folkehelsa i kommunen. Utjamning av sosiale helseskilnadar og korleis betre folkehelsa vil vere prioritert i utarbeiding av mål og delmål for kommuneplanen sin samfunnsdel. Støtte vil bidra til at Sogndal får ei ny folkehelseoversikt i kommunen, med vekt på utjamning av sosiale helseskilnadar.

Solund	Tilsegn om tilskot.	Solund søker om midlar til å kunne systematisere folkehelsearbeidet med medverknad. Dette ved å utarbeide og konkretisere ein felles handlingsplan for folkehelsearbeidet. I tillegg vil dei også lage ei frivilligplattform. Dette for å styrke samarbeid mellom kommunen og frivilligeita. Handlingsplan vil ha føremål å konkretisere tiltak får å betre folkehelsa i kommunen. Handlingsplanen skal evaluerast jamleg. Støtte vil bidra til at kommunen får jobbe ut ein plan som vil sikre god medverknad frå befolkninga.
Stad	Tilsegn om tilskot.	Stad søker om midlar til å gjennomføre kommunale prosessar som sikrar at utjamning av sosiale helseskilnader blir sett som tema i plandokument. Støtte vil bidra til at Stad får arbeide godt med involvering og medverknad bredt i kommunen gjennom desse prosessane, både frå tilsette og frå innbyggjarar.
Stord	Tilsegn om tilskot.	Stord søker om midlar til koordinering og utvikling av det systematiske folkehelsearbeidet i kommunen. Støtte vil bidra til gjennomføring av aktivitetar nemnde i søknaden, som til dømes deltaking i overordna planprosessar, gjennomføring av folkehelseforum med innbyggjarane og evaluering av gjeldande folkehelse mål og system for det laupande oversiktsarbeidet i kommunen.
Stryn	Tilsegn om tilskot.	Stryn kommune søker om midlar til å styrke barn og unge si medverknad i planarbeid og prosjektarbeid der barn og ungdom er målgruppa. Dette gjennom kompetanseheving og gjennomføring innan medverknadsmetodar. Stryn vil med tilskotsmidlar mellom anna styrke ungdomsrådet sin posisjon i kommunen slik at ungdom i auka grad kan involvere seg i aktuelle prosjekt.
Sunnfjord	Tilsegn om tilskot.	Sunnfjord søker om midlar til å styrke samarbeid og planlegging på tvers av einingane i den nye kommunen. Midlane skal bidra til betre samhandling om folkehelsearbeidet i kommunen og til møte og samlingar med kontaktpersonar ute i distrikta, med fokus på verdiskaping i nærmiljøa.
Sveio	Tilsegn om tilskot.	Sveio kommune søker om midlar til folkehelsearbeid i kommunen. Støtte vil kunne bidra til mellom anna å løfte inn omsyn til folkehelse inn i kommuneplanen sin samfunnsdel, ta del i ulike folkehelsenettverk, og utarbeide "plan for kvalitetsutvikling i skule og barnehage" i Sveio - slik dette er skildra i søknaden under "aktiviteter".
Ullensvang	Tilsegn om tilskot.	Ullensvang søker om midlar til å utvikle ein aktivitetsportal på nett, dette basert på kartlegging og uttale. Dette slik at innbyggjarar kan enklare finne fram til tilbod og aktivitetar som skjer i kommunen, og bli meir delaktige i samfunnet. Sidan tiltak er retta mot heile befolkninga oppmodar vi kommunen å også planlegge korleis dei kan nå ut med informasjon til de i befolkninga som er utan tilgang til nettverk.
Ulvik	Tilsegn om tilskot.	Ulvik søker om midlar til etablering av tiltaket skolemåltid, eit universelt tiltak knytt til måt og måltid i skule i samarbeid med frivillig sektor. Tiltaket er vedtatt politisk på grunnlag av folkehelseoversikta i heradet. Støtte vil bidra til kartlegging og planlegging for gjennomføring av tiltak.
Voss	Tilsegn om tilskot.	Voss søker om midlar til Vangsgryto aktivitetsklubb, som eit inspirerande tilbod for ungdom med ønske om å bli introdusert og kjend med nye fritidsaktivitetar. Til prosjektet ønskjer heradet å involvera Voss ungdomsråd, styret i Gryto og elevråda på skulane, for å sikre medverknad og utvikling av tilbodet. Søknaden er i tråd med vilkåra til tilskotsordninga.

